

Fra: Ronny Skaar (Ronny.Skaar@hfk.no)
Sendt: 07.09.2016 10:01:51
Til: 'Gunnhild.Utkvitne@voss.kommune.no'
Kopi: Marianne Ose Askvik

Emne: VS: UKM Fylkesmønstring 2016 - våre refleksjonar

Vedlegg: image001.png;Info 1 til lokalarrangørane.docx;Info fra kommunekontakt til deltaker om festivalen.docx;Samtykke_deltakerar.docx;Samtykke_kommunar.docx;image002.png;image003.png
Hei,

Takk for tilbakemeldingar vedr. UKM-festivalen i Hordaland 2016. Dette tek vi med oss vidare i utviklinga. Nettverksmøtet vi arrangerer kvar haust er eit godt høve for alle lokalkontaktane til å kome med innspel om endringar eller nye idear, i tillegg til at det alltid er mogleg å sende epost og/eller ringe fylkeskontakten i UKM Hordaland. Vi håper Voss vert representert på nettverksmøtet i haust, 21.oktober på Fylkeshuset.

UKM Hordaland er ein del av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitiske plattform. UKM Norge er og tydeleg på korleis eit UKM-arrangement på fylkesnivå kan, bør og skal vere. Hausten 2014 var oppgåva som fylkeskontakt for UKM Hordaland lagt til Hordaland fylkeskommune og det har vore lagt ned eit større arbeid for å styrke og vidareutvikle UKM. Det har og vore ei kartlegging av korleis dei andre fylkeskommunane arrangerer sine fylkesfestivalar. Overnatting, matsservering og workshops vart innført i 2015 til UKM-festivalen i Hordaland, men frå 2016 var det lagt inn «prinsipp for deltaking» for alle deltakarar. Overnatting med «prinsipp for deltaking» er nasjonal standard under UKM på fylkesnivå. Under UKM-festivalen i Trondheim er det meir enn 500 ungdommar frå heile landet som deltek og dei overnattar i lag på ein skule i 5 dagar.

I god tid før nettverksmøtet hausten 2015 fekk alle lokalkontaktane tilsendt eit infoskriv om UKM i Hordaland 2015/2016 og var eit tema på møtet (vedlagt i denne epost). Det var og høve til å kome med skriftlege innspel før og etter møtet. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar på dette. Det var ingen kommunar som sa i frå om at dette ikkje var greitt og vi kan heller ikkje sjå at Voss kommune sendte tilbakemelding på dette då informasjon vart sendt ut. Det var fyrst i mars/april i år (2-3 veker før UKM-festivalen i Hordaland) at vi forstod på nokre lokalkontaktar at det var eit utfordrande arbeid å få på plass vaksne som kunne sove med kommunens representantar på festivalen. Dette har vi teke med oss i arbeidet vidare. På UKM-festivalen i Hordaland i 2017 vil «prinsipp for deltaking» framleis vere gjeldande, men Hordaland fylkeskommune vil ta oppgåva med å sørge for at det er ansvarlege vaksne som overnattar med deltakarane (minimum 1 vaksen per 10.deltakar). Lokalkontaktane vil difor ikkje måtte arbeide for å skaffe vaksne personar som må overnatte med deltakarane.

Rammene til UKM-festivalen i Hordaland er dei same som gjeld for landsfestivalen. Dette er og nasjonal standars under UKM på fylkesnivå. Dersom ein deltakar ikkje ønskjer å overnatte med 300 ungdommar frå Hordaland ei helg, er nok ikkje denne deltakaren heller klar for å overnatte med 500 ungdommar frå heile Noreg i 5 dagar.

Det stemmer ikkje at deltakarane som ikkje overnatte vart «straffa» ved å ikkje verte vurdert av fagpanelet. Alle deltakarane fekk ei fagleg vurdering av panela og fylkeskontakten har sendt ut alle dei faglege tilbakemeldingane per epost til alle lokalkontaktane før sommaren (det tek tid å reinskrive over 300 tilbakemeldingar).

UKM er ikkje ein konkurranse. Det er ein møteplass. UKM Norge oppmodar både kommunar og fylker om å ikkje annonsere på slutten av UKM-arrangementet kven som «går vidare» frå kommune til fylke, og frå fylke til landsfestival. Når det gjeld UKM-festivalen i Hordaland gjekk vi vekk frå denne praksis i 2014, etter å ha gått gjennom retningslinene til UKM Norge – i tillegg til at vi fekk sterke ønskje frå ungdommane sjølv på dette. Fylkeskontakt tar med alle innspela frå dei ulike fagpanela og blir einig med produsent om korleis namnelista skal leggjast i prioritert rekkjefølgje. Dette for å sikre geografisk spreing og at deltakar-gruppa gir eit «bilete av kvaliteten, mangfaldet og breidda av kulturaktivitetane blant ungdom i fylket», slik det er krav om. Fagpanelet er eit rådgivande organ, men deltakarane er Hordaland sine representantar under landsfestivalen, og det er difor UKM Hordaland som tek siste avgjersle om kven som skal representere Hordaland. Måndagen etter UKM-festivalen i Hordaland starter fylkeskontakten ringjerunde til dei som er valt ut til å representere Hordaland under landsfestivalen. Dei deltakarane som ikkje har høve til å vere tilstade under heile festivalen i juni, får ikkje høve til å delta, ettersom det er «prinsipp for deltaking» under landsfestivalen. Det er sjølv sagt ein del gode grunner til eit forkorta opphald på landsfestivalen som t.d. eksamen, sjukdom, planlagde utanlandsopphald, osv., men det er viktig for UKM Norge at fylkeskontaktane generelt sett er på linje med UKM Norge i denne saken og generelt ikkje legg til rette for at deltakarar kan komme og gå som dei vil.

Dei deltakarane som ønskjer å representere Hordaland under landsfestivalen får informasjon om kva det inneberer å vere med. Onsdagen etter fylkesfestivalen vert alle dei som har takka ja til å vere med til landsfestivalen publisert på www.ukm.no/hordaland. Det er difor det er eit føremøn å ha ei prioritert liste, slik at andre ungdommar får høve til å delta på landsfestivalen dersom andre ikkje har høve å delta. Dersom det er deltakarar som ønskjer å prioritere noko anna under landsfestivalen, så er det praksis å gi denne plassen vidare til ein deltakar som ønskjer å delta på heile festivalen.

I år var det fleire kommunar som valte å gå vekk frå praksisen om å annonsere under sjølve lokalmønstringa kven som

skulle «vidare» til fylkesfestivalen. Dei valte å heller ta kontakt med dei aktuelle deltakarane i etterkant, slik at dei fekk høve til å velje sjølv om dei ville vere med på UKM-festivalen i Hordaland, eller ikkje. På den måten vart og deltakarane betre førebudd på kva som vart forventet av dei. Vedlagt er teksten som ein lokalkontakt sendte ut til kommunens deltakarar før UKM-festivalen i Hordaland for å vise eit døme på korleis ein kan informere deltakarane etter lokalmønstringa.

Alle ungdommane som deltek på UKM-festivalen i Hordaland, representerer ein kommune. Det er den einskilde kommune si oppgåve å informere «sine» deltakarar om kva som skjer etter lokalmønstringa og fram til UKM-festivalen i Hordaland. Fylkeskontakt og produsent legg ut informasjon fortløpande på www.ukm.no/hordaland frå januar av (t.d. workshops, stad for overnatting, tidspunkt for oppmøte o.a.). Fylkeskontakt og produsent sendte i år ut sms til alle deltakarane før påsken med kort info og lenkje til all info om festivalen på www.ukm.no/hordaland. Ny sms med oppdatert info og lenkje vart sendt 1 veke før festivalen. I arrangørsystemet er det og høve for lokalkontaktane å sende ut sms til sine deltakarar.

Før, under og etter landsfestivalen er det fylkeskommunane si oppgåve å informere ungdommane som skal representere deira fylke. For Hordaland sin del gjeld dette for om lag 30 deltakarar i alder 13-20 år. Fylkeskontakt ordnar med fleire vaksne reiseleiarar som er med og overnattar med deltakarane, i tillegg til felles transport (fly), innsending av informasjon frå alle deltakarane (og føresette) til UKM Norge, innsending av kunst og film o.a. Fylkeskontakten er og med heile vegen under reisa for å følgje Hordaland-deltakarane og reiseleiarane. Jamleg dialog med deltakarar og føresette (når deltakar er under 18 år) er et absolutt føremon i denne prosessen.

Samtykket som kommunane må hente inn frå sine deltakarar, er basert på same samtykkeskjema som fylkeskommunane må sende inn på vegne av sine deltakarar til UKM Norge vedr. landsfestivalen. Dette må vi ha for å skape trygge rammar og at foreldre skal vite deira barn er i trygge hender.

Ungdommane har svært mange valmuligheiter i dag når det gjeld deltaking i konkurransar, som t.d. UMM, Norske talenter, The Stream, og The Voice. UKM skal vere noko annleis der alle deltakarane opplever kjensle av å ha vore med på noko kjekt. UKM er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting, høve til personleg utvikling osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskap, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener.

Vi ser på arbeidet med UKM i Hordaland som ein felles oppgåve for fylkeskommunen og kommunane som arrangerer UKM. Hordaland fylkeskommune inviterer til dialog og felles møtepunkt for alle kommunane og vi håper å sjå Voss kommune med i arbeidet om, og utviklinga av, UKM i Hordaland.

Ronny Skaar

Seksjonsleiar/Utviklingssjef

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 91 77 | Mob: 930 23 928

www.hordaland.no

Marianne Ose Askvik

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

www.hordaland.no

Fra: Gunnhild Utkvitne [<mailto:>]

Sendt: 19. august 2016 10:51

Til: Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>

Kopi: Silje S. Solstad <Silje.S.Solstad@voss.kommune.no>; Ingrid Langen Fjose

<Ingrid.L.Fjose@voss.kommune.no>; Svein Gunnar Mørkve <Svein.G.Morkve@voss.kommune.no>

Emne: UKM Fylkesmønstring 2016 - våre refleksjonar

Hei,

I etterkant av fylkesmønstringa for UKM Hordaland har me fått tilbakemeldingar frå ungdomsarbeidane og UKM-koordinator som me ynskjer å vidareformidla til arrangøren:

Årets "nye" UKM med festivalpremiere vart eit flott arrangement med god lyd/lys på konsertane og ei flott kunstutstilling. Likevel er det nokre punkt med utfordringar våre kommunekontaktar møtte under avviklinga av årets UKM:

- Det vart mykje meirarbeid for kommunekontaktane med å organisera foreldre til å vera med ungdommane sine frå fredag kveld til søndag kveld. Dette då det var mange foreldre som ikkje er vant med denne typen dugnad/kostnad for sine ungdommar.
- Ikkje alle deltakarane hadde lyst til å vera på heile festivalen. Ein del kvitte seg til å overnatta. Me synest at det er strengt/urimeleg at desse deltakarane vert «straffa» ved at dei ikkje vert vurdert av faggjury til eventuelt å gå vidare til landsfestivalen. Kommunane vart oppmoda til å laga ei reserveliste dersom nokre av utøvarane ikkje ville delta på heile festivalen. Dette vil og vera urimeleg og lite handterleg for ein jury som har som utgangspunkt å senda vidare dei som dei meiner representerer kommunen på best måte. Det ville vore ynskjeleg at alle vert vurdert på fylkesfinalen. Me vil sjølvstilt likevel oppmoda alle om å delta på heile festivalen, men visa forståing for dei som av ulike årsaker ikkje vil. Me tykkjer det bør vera valfritt, om ein vil delta med overnatting og workshop eller ikkje.
- Me er avhengige av at foreldre/arrangør av fylkesfinalen stiller opp på kveld/natt. Kommunekontaktane kan ikkje ta ansvar for deltakarane på andre tider av døgnet enn dagtid. Det bør koma eit tydeleg skriv automatisk til alle deltakarar som går vidare til fylkesfinalen om at foreldra er dei som skal vera med å overnatta med borna/ ungdomane sine. Me kan ikkje sjå at det skal vera kommunekontaktane sitt ansvar å organisera dette .

Me fryktar at denne nye ordninga kan gå ut over påmelding lokalt. Me ynskjer difor at erfaringane våre frå i år vert teke med i planlegginga av kommande UKM og ser fram til å diskutere dette nærare i planleggingsmøta.

Beste helsing,
Gunnhild Utkvitne

Gunnhild Utkvitne
Kommunalsjef
Kultur og fritid
Mob: 480 14 580

www.voss.kommune.no



[Sjå vår brosjyre](#)